

VEVRING UTSTILLINGA



Velkommen til Vevring

15-17. september 2023

Program

Fredag 15. september 2023

- 11:00 Utstillinga opnar
Framsyning: Knitted stories
- 18:00 Utstillinga stengjer

Laurdag 16. september 2023

- 11:00 Utstillinga opnar
- 12:00 Liveradio: Folk & dyr på Fjordbutikken
- 13:00 Vandring med kulturhistorie og gamal kyrkjekunst ved Anne-Line Thingnes Førund
Oppmøte ved Vevring skule
- 15:00 Performance ved Franzisca Siegrist
Oppmøte ved Ottarløa
- 18:00 Utstillinga stengjer
- 20:00 Myraløa opnar dørene: billettkontroll ved inngang
- 21:00 Konsert med Real Ones

Sundag 17. september 2023

- 11:00 Utstillinga opnar
- 13:00 Framsyning: Knitted stories
Oppmøte ved Myraløa
- 15:00 Kunstlotteri-trekning
- 16:00 Utstillinga stengjer

Alle dagane er der kafè på skulen og loddsal til kunstlotteriet

Stad: Vevring skule, 6817 Naustdal

Velkommen til Vevring



Forsidebilete: Frøydis Aarseth

"Tankeskya" heng permanent på Scandic Sunnfjord Hotel & Spa i Førde. Landskapet i tankeskya er frå Redalen, ut mot Førdefjorden og Engebøfjellet. I denne fjorden har gruveselskapet Nordic Mining fått godkjenning til å dumpe 250 mill. tonn gruveavfall frå Engebøfjellet. Byen ein ser i bakgrunnen av 'Tankeskya' er inspirert av Norilsk i Sibir. Norilsk er eitt av dei mest forureina stadene på jorda.

Grafisk design og layout: Kim Rio

Utstillingsnemda

Laila Claussen
Anbjørg Kalstad
Karen Helga Maurstig
Kim Rio
Ann Kathrin Thingnes
Anne Lise Stenseth

Mottakar av:
KULTURPRISEN 2020



Sunnfjord
kommune

Årets deltakarar


Frødis Aarseth av Natasha Busel / Unni Askeland av Per Heimly / Masoud Alireza av Telemark kunstsenter/ Franzisca Siegrist av Margarida Paiva / Yngvild Færøy og Søsna Jørgensen av Anu Vahtra / Andrea Grundt Johns av Andrea Grundt Johns / Marthe Aas av Line Bohmer Løkken / Knitted Stories av Eduardo Scaramuzza / Real Ones av ukjent fotograf / Charlotte A. J. Cohen av Charlotte A. J. Cohen / Janicke Schönning av Thomas Floyd / Eva Marit Edwardsen av Ingrid Himberg / Sarah Karlsson av Sarah Karlsson
Alle bileta kan være beskytta av opphavsrett.



Frødis Aarseth



Unni Askeland



Masoud Alireza



Franzisca Siegrist



Liveradio-duo Yngvild Færøy og Søsna Jørgensen



Real Ones



Andrea Grundt Johns



Marthe Aas



Knitted Stories



Charlotte A. J. Cohen



Janicke Schönning



Eva Marit Edwardsen



Sarah Karlsson

aarseth



FOTO: Frøydis Aarseth

Frøydis Aarseth er ein klassisk figurativ kunstnar som vaks opp i Vevring. Dette har hatt stor innverknad på motivvala hennar; fjell, fjordar og figurar ute i den kalde norske vinteren.

Dei siste åra har ho blitt meir påverka av politisk uro, klima og miljøproblematikk. Dette målar ho subtile inn i komposisjonane sine, noko som har endra måleria hennar til å bli meir dramatiske og iaugefallande.

Skiftet hennar i val av motiv kom i 2017 grunna kvalen som stranda utanfor Sotra med magen full av plast. Inspirert av plastproblematikken måla Frøydis «Plastic Breakthrough» som har vunne fleire prisar og vore utstilt på Sotheby's i New York.

I mars 2022 fekk Frøydis eit utsmykkingsoppdrag av Scandic Sunnfjord Hotell & Spa.

Oppdraget gjekk ut på å dekorere den 6 x 7 meter store veggjen utanfor Sunnfjordsalen. Ho kom på idèen om ei tankesky. Landskapet er frå Redalen, ut mot Førdefjorden og Engebøfjellet. I denne fjorden har gruveselskapet Nordic Mining fått godkjenning til å dumpe 250 mill. tonn gruveavfall frå Engebøfjellet. Byen ein ser i bakgrunnen av 'Tankesky' er inspirert av Norilsk i Sibir. Norilsk er eitt av dei mest forureina stadene på jorda.

Frøydis har vunne fleire prisar gjennom åra. I januar 2023 vann ho ein av hovedpremiene i verdas største konkurranse for klassisk figurativ

kunst med måleriet 'The Shelter'. Prisen vann ho gjennom The Art Renewal Center, mellom 5.400 søkjarar fra 75 land. Frøydis var ein av 10 som fekk tildelt ein FWSD-pris (Fashion Week San Diego).

FWSD-prisen innebar at ein designar skapte eit antrekk basert på hennar måleri. Måleri og antrekk vart framvist på Sotheby's i New York. Måleriet deltok òg på ein kunstauksjon på Sotheby's kor 'The Shelter' vart seld.

Som ein del av premien skal måleriet vere med i ein tidskapsel til månen. Tidskapselen inneheld verka til 30.000 utvalde kunstnarar, forfattarar og musikarar frå 158 land.

Oppskyttinga skjer i samarbeid med NASA og deira Lunar Codex-prosjekt. Verket vil bli laseretsa på eit nikkelmikrokort og/eller digitalisert på et terabyte-minnekort og innelukka i tidskapselen. Lunar Codex er et sett med tidskapsler lansert på fire NASA-relaterte oppdrag og vil vere den første betydningsfulle plasseringa av samtidskunst på månen på 50 år.



unni askeland

FOTO: Vidar Vold




FOTO: Vidar Vold



Under førebuinga til Vevringutstillinga vart atelieret til Unni Askeland oversvømt med vatn, og mange av verka hennar vart skada - inklusive verk som etter planen skulle stillast ut i Vevring. Unni har forsikra oss om at nye verk er i ferd med å skapast, og at deltakinga hennar under Vevringutstillinga går som planlagt.

(red. ann.)

Unni Askeland er ein profilert kunstnar både i Noreg og internasjonalt. Ho er ei fargerik og frittalande dame som ofte omtalast i media både som bohemdrønning og som norsk samtidskunsts enfant terrible. Ho går sine eigne vegar både i kunsten og i livet, uavhengig av kva andre måtte meine.

Askeland har ei solid kunstutdanning, mellom anna frå Statens kunstakademi i Oslo. Ho er innkjøpt av Nasjonalmuseet, og har hatt utstillingar både i New York, København og Amsterdam.

Sjangermessig kan verka til Unni Askeland knyttast til popkunst og ekspresjonisme. Edvard Munch har vore ei stor inspirasjonskilde for henne frå unge år. Forholdet mellom mann og kvinne, og erotikk, er nokre av temaa som går att i kunstnarskapet hennar. Ofte figurerer ho óg sjølv i kunstverka sine.



2

For tida er Unni Askeland aktuell som deltakar i *Farmen Kjendis* som visast på TV2 på nyåret.

masoud **alireza**


Masoud Alireza sine verk inviterer åskodaren til å erfare teikning på nye måtar.

Det seks meter lange verket flyt i rommet, spent opp med magnetkraft. Overflata av papiret er metta med grafitt. Verket framstår både som hardt – og kan minne om metall – men òg som lett og svevande. Det kan opplevast som leikande, men òg som urovekkande. Desse kvalitetane skapar ein dynamikk, og får verket til å framstå med ei ibuande kraft som inviterer til undring. Åskodaren kan skape rørsle i verket ved å sjølv røre seg i rommet.

Alireza har teikna med tradisjonelle material som grafitt og papir sidan tidleg barndom i Iran, først med klassisk teikning og seinare eksperimentelt. Han har ein mastergrad i kunst frå Universitet i Bergen.

Alireza utfordrar grensene for teikning og har eksperimentert med papir som åstad for møtande naturkrefter, til dømes magnetisme, tyngdekraft, og krafta i vatn.

Eksperimenteringa har resultert i både utmerkingar og prisar.



Arbeida til Alireza er vanskeleg å halde fast i kategoriar, dei er overskridande. Verka er laga med klassiske teiknematerial, der papiret vert metta med karbon, medan han utfordrar den tradisjonelle forma for teikning både ved at dei er installerte som skulpturar, og ved at overflata er bearbeida og monoton. Ved å gjere grafitten til ein del av sjølve strukturen til papiret fjernar Alireza eitkvart uttrykk frå overflata. Papiret er ikkje lenger eit medium for representasjon, men omforma slik at ein romleg materialitet trer fram. Han utfordrar grensa mellom tre-

dimensjonelt rom og forventningar om to-dimensjonal visuell persepsjon. Åskodarane er inviterte til å utforske sine sanseopplevingar og umiddelbare tolkingar.

Alireza har vore tilknytta The Drawing House i Tehran og har undervist ved Elmo Farhang-universitetet. Han underviser i teikning for ulike grupper, og utforskar korleis teikning kan påverke sansing og persepsjon.

Han har dei siste åra hatt utstillingar ved Telemark Kunstsenter, Vestlandsutstillingen, Årsutstillingen, Hordaland Kunsenter, USF, og Greenlight District Festival. Han mottok den nasjonale debutantprisen ved Årsutstillinga i 2022.



I performansen $\Delta x = x_f \Delta x_0$ (displacement) #4* som visast ved Vevringutstillinga utforskar Franzisca Siegrist omgrepet forskyving, og korleis vi på grunn av tapet av heimen må forflytte oss. Bakgrunnen til verket er ei personleg oppleving med å miste den fysiske barndomsheimen og korleis dette skaper spørsmål kring identitet, tilhøyrighet og minner. I performansen vil kunstnaren flytte på ulike materiale i ei vandring gjennom Vevring, fra ein stad til ein annan.

*) $\Delta x = x_f \Delta x_0$ er formelen som nyttast i fysikk for å definere omgrepet forskyving.

FOTO: Andris Søndrol Visdal



Franzisca Siegrist jobbar i hovudsak med performancekunst, men òg med installasjon, objekt, fotografi og video der det performative er utgangspunktet.

Spørsmåla ho stiller er gjerne knytt til migrasjon, tilhøyring, samfunnsnormer, miljø og korleis hennar eigen bakgrunn og kvardag speiler spesifikke aspekt ved samfunnet. Ho er interessert i notida sine filosofiske tankar og korleis vi menneske lever i vår tid, samstundes som ho er oppteken av reine kunstneriske og estetiske uttrykksformer som abstraksjon.

I performancane sine nyttar Siegrist både kvardagsobjekt som er lett tilgjengelege og eigenproduserte objekt som, i møtet med kroppen, skapar nye former og gir handlingane ho gjer ei ny mening. Resultatet av arbeida hennar blir gjerne poetiske eller absurde bilete.

franzisca

siegrist



Andrea Grundt Johns sin praksis finn stad i kryssingspunktet mellom ei filosofisk gransking av fotografi, syn og persepsjon, og ei intuitiv gransking av materiale. Forholdet våra til omverda og naturen er ein hovudtematikk i hennar kunstnarbøker, installasjonar og tekstar. Målet er å skape noko ugjenkjenneleg, men vakkert, som kan framprovosere nysgjerrigheit, undring og assosiasjonar, og føre til nytt syn på det som omgjer oss.

Andrea er utdanna ved KMD på Universitetet i Bergen og Akademin Valand på Universitetet i Göteborg.

Til Vevringutstillinga viser Andrea ei rekkje kunstnarbøker og ein video kor forholdet våra til natur, landskap og ressursar står sentralt. Mellom anna viser ho, for første gong i Vevring, boka **"There is so much power in feeling insignificant."** og videoverket **Musen og fjelltoppen** som vart til under eit besøk i nettopp Vevring i 2019.

Cyanotypi av plast på kalkerpapir består av ein serie på 12 bøker og ein større installasjon som begge forsøker å bryte med vår visuelt overmetta kvardag. Utforminga og materiala inviterer til å «sjå med andre sansar», oppleve verka med kjenslesansane so vel som med synet.

Cyanotypi er ein av dei eldste fotografiske teknikkane som framleis nyttast i dag, og er sterkt knytt til naturen. Teknikken vart først teken i bruk av botanikaren Anna Atkins som laga verdas første fotobok; av dei britiske algane, i 1842.




FOTO: A. G. Johns



FOTO: A. G. Johns

Under Vevringutstillinga held Andrea kurs i cyanotypi kor målet er å lage bilete ute i naturen ved hjelp av fjorden.



andrea
grundt
surfs
jorn



martheaas

Marte Aas er utdanna ved Høgskolan för Fotografi ved Göteborgs Universitet og arbeider med ulike medier som fotografi, film og installasjon.

Aas er oppteken av tema knytt til landskap, historie og teknologi, og korleis omgjevnadane er med på å forme dei sosiale og subjektive identitetane våra.

Aashar hadde ei rekke separatutstillingar mellom anna på Atelier Nord, Kunstnerforbundet, Kunsthall Trondheim, Fotografisk Center, København og Nasjonalmuseet i Oslo og er representert i fleire sentrale samlingar, både offentlege og private.

Ho driv óg eige kunstnarbok-forlag.

Under Vevringutstillinga viser Marthe si video-utstilling i "Olakjellaren", via-à-vis Vevring skule. Hugs å ta turen innom!



Stillbilete frå filmen What I Miss About People, and What I Don't Miss About People



charlotte avigail

jutrem
cohen



FOTO: Charlotte Avigail Jutrem Cohen



FOTO: Charlotte Avigail Jutrem Cohen

Charlotte Avigail Jutrem Cohen er ein norsk-israelsk glaskunstnar med base i Noreg.

Med feirkulturell identitet som bakteppe er temaet tilhøyring, og kontrasten mellom dei to ulike kulturane hennar, til stades i alle verka hennar. Ho vaks opp i eit miljø prega av skandinavisk design. og vart introdusert for glasdesign av bestefaren Arne Jon Jutrem.

Charlotte fullførte ein BFA i interiørdesign i Israel, og ein BFA i keramikk og glasdesign ved Bezalel Academy of Arts and Design i Jerusalem, Israel.

Kunstnaren vart tidleg påverka av den skandinaviske kunst- og handverksrørsla og ønskte å designe og blåse funksjonelle glasobjekt kombinert med påverknad frå den nordiske naturen, lyset og designen.



FOTO: Charlotte Avigail Jutrem Cohen

Gjennom meir enn eitt tiår, med base i Nordmarka i Oslo, har **Janicke Schönning** utforska naturen sin innverknad gjennom måleri og teikning, og korleis måleri kan oppstå som ein dialog med landskapet. Med tusj og gouache på papir målar ho utandørs i alle årstider. Ambisjonen hennar er å skape verk som går i dialog med friluftsmåleri-tradisjonen og å undersøke dens relevans og potensiale i vår tid.

Arbeida hennar kretsar kring spørsmål om tilhørighet med naturen, og naturen si betydning for oss på eit personleg, eksistensielt plan.

Å arbeide under open himmel året rundt medfører tidvis tap av kontroll i arbeidsprosessen. Regn og frost påverkar materiala og gjer både utfordringar og muligheter. Fargane endrar seg gjennom årstidene og det er umulig å ikkje bli påverka av det.

Dreven av ein nysgjerrighet på korleis naturen «uttrykker» seg og set spor, overlatast utforminga av bileta ofte heilt til naturlege prosessar.

Schønning er utdanna ved Central St. Martins i London (BA) og Kunsthøgskulen i Oslo (MA). Ho har tidlegare stilt ut ved mellom anna Nasjonalmuseet (Jeg kaller det kunst), Kunsthuset Kabuso, Kristiansand kunsthall, Buskerud kunstsenter, Akershus kunstnersenter (nå Nitja), Trafo kunsthall, Tegnerforbundet, Galleri BoA, Spriten kunsthall, Peder Balke-senteret, Norsk Skogmuseum, Galleri Semmingsen og Lautom Contemporary. Ho er innkjøpt av KORO og Kunst på Arbeidsplassen.




FOTO: Janicke Schönning – Regnet fortsette å falle



janicke

Schønning



eva marit



FOTO: Dejan Dukic

edwardsen



FOTO: Dejan Dukic

- Arbeidet med metallet, det taktile - kjensla av å skape noko frå byrjing til slutt - er slik eg likar å jobbe. Det å eksperimentere med nye material inn mot det kjende, skapar spaning og tilfører energi i prosessen.

- Mitt tankegods er prega av studiereisene mine til Japan kor arkitektur og tempelhagar har vore til stor inspirasjon. Eg har vore på fleire workshops i utlandet for å tileigne meg meir kunnskap om fleire asiatiske teknikkar. Spesielt har keumboo, fascinert meg — ein gamal teknikk kor 24k. gull foreinast med sølv, berre ved hjelp av varme og mekanisk trykk.

- Det å utfordre seg sjølv i verkstaden, og møte med nye kulturar, frigjer arbeidsglede.

sarahkarlsson

Sarah Karlsson er ein svensk biletkunstnar med røter i Vevring.

- Eg likar å kunne kjenne på dei materiala eg jobbar med. Sandkorna i jorda eg tek opp i området rundt der eg bur. Anstrengelsesverken som kjem når eg malar stein eller skjell om til pulver. Lukta av røyk når eg malar kolet frå veden som brant i omnen heime, og stoffa som tilhørde noken andre brukar eg no som lerret.



FOTO: Sarah Karlsson

- Tanken på at ting har hatt eit liv og ei hensikt før eg tok dei heim kjennes spesiell for meg. Å få kasta rare materialersaman på eit lerret og få fram nye verdjar. Utvikle nye overflater og teksturar av ting som allereie har ei form eller ein farge.

- Å måle ein person på ei overflate som allereie er noko kjennes dermed meir naturleg for meg. Det er ein viss fridom i å jobbe på grove teksturar. For å jobbe målinga inn i djupe fordjupningar, og la den renne gjennom elvene som har danna seg - eller bli overraska over kor målinga fester seg med eit lett penselstrok. Det gjer opplevinga og sluttresultatet uførutseibart. Det uførutseibare er den beste delen av skapinga.



FOTO: Sarah Karlsson





NORSK
KULTURFOND
Kulturrådet

Førprosjektet er finansiert av Norsk Kulturfond, og blir presentert under Vevringutstillinga saman med musikanane **Atul Giri** og **Eduardo Scaramuzza**.

knitted stories

Knitted stories er eit dansebasert førprosjekt av **Thingnes** og **Benedová** som tek føre seg spennet mellom det synlege og usynlege, fortid og notid. Sentralt for utforskinga står ein scenografi av strikka materiale som gradvis blir samskapt av ei rekke menneske frå ulike stadar, generasjonar og kulturar.



Ingvild Maria Thingnes er ein dansekunstnar og kulturarbeidar frå Sunnfjord. Ho interesserer seg spesielt for ulike former for kunstnarisk samskaping og samarbeid, gjerne på tvers av kunstformer. Ho er no basert i Stavanger, kor ho starta og driv det fleirkunstnariske arbeidsfellesskapet KRA saman med musikal Eduardo Scaramuzza. Ho jobbar også jamleg med performance-kollektivet Kunstgrillen og kompaniet Hagit Yakira Dance, i tillegg til å skape og utøve i eigne prosjekt. Ingvild er utdanna ved Universitetet i Stavanger, Escola Superior de Danca og Vertigo IDP.

Šárka Benedová er ein tsjekkisk utøvar basert i Noreg, som fokuserer på samtidsdans og saksofon - som separate einingar så vel som flytande partnerar i det kunstnariske uttrykket. Hennar kunstnariske praksis søker å bryte barrierer i persepsjon og formidling av kunst med vekt på å gjere den tilgjengeleg for eit breiare publikum. Ho er med-leiar og utøvar i performance-kollektivet Kunstgrillen, som bygger på tverrkunstnarisk improvisasjon i offentleg rom. Šárka er utdanna ved MUK Universitæt der Stadt Wien (AT), Escola Superior de Danca (PT) og Universitetet i Stavanger (NO).



FOTO: Brita Grov



Søs Jørgensen og **Yngvild Færøy** har i ei årrekke jobba saman om lydkunst, radio og performance. Som BallongMagasinet (1996- 2007) lagde dei radioprogram, høyrspel, utstillingar, bok- og CD utgjevsar i Noreg og internasjonalt, i samarbeid med mellom andre OCA, (Venezia biennalen) NIFCA, NRK, NOTAM, Sveriges Radio, Torpedo forlag, RadiOrakel og Galleri F15.

*Under Vevringutstillinga
lagar Søs og Yngvild live
radio frå Fjordbutikken.
Hugs å ta turen innom!*

Frå 2017 har dei to reist kring i Noreg med kunstprosjektet Folk & Dyr, der menneske sitt band til dyr forteljast gjennom personlege historiar og sjåast i samanheng med lokal natur og menneskeskapte omgjevnader. Med podkast, live radio og lyttestasjonar har dei besøkt Festspela i Nord-Noreg, Bodø biennale og Kunstnerhuset Kabuso.

folk & dyr



real ones

Real Ones vart til i 1994 og starta som eit tradisjonelt folkband. Men deira konstante søken etter nye lydbilete, og nye måtar å gjere ting på, har transformert dei til eitt av Noregs mest unike og eksperimentelle band innen folk, pop og rock.

Gjennom snart 30 år har Real Ones opparbeida seg eit rykte som eit fantastisk liveband, og som eitt av dei mest originale norske band nokon sinne.

Tolv album, fire EP'ar, to Spellemannprisar og meir enn 1.000 konsertar i 15 land på tre kontinent seinare, er dei fem barndomskameratane klare for nye eventyr.

Real Ones møter framleis smilande publikummarar kor enn dei er; frå Svalbard til Yukon, frå Shanghai til Mumbai, frå Havanna til New York – Real Ones fortset å byggje fanskarar over heile kloda med ny musikk og nye stader å turnére. Laurdag 16. september 2023 kl. 21 spelar dei konsert på Myraløa i høve Vevringutstillinga.



«Real Ones har lenge vore Noregs i særklasse beste liveband. Kanskje er dei Noregs beste band, punktum.»

– Sven Ove Bakke
Dagbladet



skann for billett



I samband med Vevringutstillinga står Real Ones på scena i Myraløa laurdag 16. september. Dørene opnar kl. 20. Det er eit begrensa antal billetter.

Nytt gjerne QR-kode for førehandskjøp av billetter. Eventuelle restbilletter seljast i døra.





Vestland
fylkeskommune

VONEN

STEIN TORALD VONEN AS

Naustdal

911 13 925



Sunnfjord
kommune

Totalleverandør av el. installasjon, svakstrøm, tele og data

NBN ELEKTRO

Florø 57 75 28 00
Naustdal 57 75 28 12



registrert elinstallatør

24-timers vakt



*sparebankstiftinga
sogn og fjordane*

Scandic

SUNNFJORD HOTEL & SPA


Tannlege
Laila Claussen

Hafstadvegen 27, 6800 FØRDE
57 82 02 22



pizzabowling.no


484 44 084



VEVRINGUTSTILLINGA

Vevring

Utstillingslokale og skulpturpark



1 Skulptur av Peter Lundberg

2 Veggmåleri av T. Skjelland og V. Fjellheim

3 Den Siste (i bekken) av LandSkapt

4 Rasteplass og vassfall av Bård Breivik

5 Arch av Claes Hake

6 Prismatoide av Britt Smelvær

7 Tavler (på løvegg) av Annette Holdensen

8 Lønsemnd av Aud Marit Skarrebo Holmen